

---

Saksnr: 2020/35447-3  
Saksbehandlar: Annike Gullestad  
Dato: 18.05.2020

---

---

**Til:** Sekretariatet for kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Tilbakemelding på status for oppfølging av forvaltningsrevisjon internkontroll Bybanen Utbygging

På møte i kontrollutvalet 13.02.2020 vart det fatta fylgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av forvaltningsrevisjon internkontroll i Bybanen utbygging til møte i utvalet 08.06.2020.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.»

### Bybanen Utbygging sin handlingsplan for oppfølging av forvaltningsrevisjonen:

Nr	Anbefaling	Tiltak	Ansv.	Frist
1a	Sørger for at det blir utarbeidd skriftlege rutinar knytt til dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem	BU sitt kvalitetssystem oppdaterest fortløpande med nye rutinar der det er manglar, og eksisterande rutinar vert revidert i hht plan	Prosjekt-direktør BU	
1b	Sørger for at det blir utarbeidd skriftlege rutinar knytt til dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar	BU sitt kvalitetssystem vert oppdatert fortløpande med nye rutinar der det er manglar, og eksisterande rutinar vert revidert i hht plan	Prosjekt-direktør BU	
2	Etablerer systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen	<ul style="list-style-type: none"><li>• Revisjonskalender er etablert</li><li>• Ledelsens gjennomgang årlig</li><li>• Internrevisjonar gjennomføres i kvart byggetrinn</li></ul>	Prosjekt-direktør BU	OK
3	Sørger for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinn	Systemer og rutinar for viderefakturering til etatar/ samarbeidspartar er under utvikling. Føreset i) at etatar/ samarbeidspartar aksepterer BU sin gjennomføringsmodell ift. nøyaktigheit på plassering av kostnader til kostnadsbærere, og ii) aksept for likheit i fordeling av rigg-/drifts kostnader	Prosjekt-direktør BU	

4	Evaluerer prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4	Plan for evaluering og tiltak av i) arbeidsbeskrivelse for anskaffelses-formål og ii) valg av gjennomførings- og styringsmodell for slik kontrakt	Prosjekt-direktør BU	
5a	Løse utfordringene når det gjelder samhandling med Bane NOR	Dei største utfordringane mht samhandlingen med Bane NOR er nå å rekna som løyst.	Prosjekt-direktør BU	OK
5b	Løse utfordringene med oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsentert	Her må dokumentsentert sine rutinar for mottak og videreformidling av dokument gåast gjennom, oppdaterast - og etterlevast	Fylkes-direktør organisasjon og økonomi	

### Oppfølging og dokumentasjon av handlingsplanen:

#### Punkt 1 a/b:

Som dokumentasjon på pkt 1 a og b følger vedlagt utdrag fra dokumentoversikt for Bybanen Utbygging sin Utbyggingshåndbok (kvalitetssystem) som viser aktiviteten knytt til dokumenter for Hovedprosessane (HP) og anskaffingar (ST4) i perioden mai 2019 til mai 2020. Det er blant anna utarbeida 15 nye dokument i perioden (vedlegg 1)

#### Punkt 2:

Som dokumentasjon på oppfølging av dette punktet ligg det ved Bybanen Utbygging sitt Årshjul for Kvalitet og HMS (vedlegg 2) Revisjonskalender (vedlegg 3), Handlingsplan frå siste «Ledelsens gjennomgang», gjennomført 17.04.20 (vedlegg 4)

#### Punkt 3

Det pågår fortsatt eit arbeid for å få slutført avtalar mellom Bybanen Utbygging og kabeletatane, og då særleg VA-etaten, for §32-arbeider som utføres i byggetrinn 4. Det er under arbeid avtalar med Bergen kommune og med Statens vegvesen for deira andel av finansieringen av byggetrinnet i hht vedtak i Miljøløftet for hhv andel av Kanal på Mindemyren, park/grønt anlegg og sykkelstamvegen fra Kristianborg til Sentrum. Alle avtalar er planlagt ferdigstilt innan 30.06.20.

#### Punkt 4

Det er gjennomført ein kortvarig evaluering av innkjøp og prosjekteringskontrakt, og ein foreløpig oppdatering av prosjekteringskontrakt er gjennomført for den nye prosjekteringskontrakten D73 Kronstadunnelen. Denne mindre Prosjekteringskontrakten er også meint å gje nokre vidare erfaringar til prosjekteringskontrakt BT5.

Det pågår nå ein større evaluering i forhold til innkjøp som er forventa ferdig i september 2020.

Det er lagt ein plan for utarbeiding av kontraktstrategi hausten 2020/vår 2021.

Det er lagt ein plan for revidering av prosjekteringskontrakten og utarbeiding av ny kontrakt hausten 2021.

#### Punkt 5 a

Her er alle konfliktpunkta fra revisjonstidspunktet løyst, Kronstadsporet og areala på Mindemyren blei fristilt i oktober 2019 og Bybanen sine arbeider er i god gang også der.

#### Punkt 5 b

Avdeling for organisasjon og økonomi vil utarbeida retningslinjer for dette innan 1. juli 2020.

